

Tilsetjingar

Ved utlysing av ledige stillingar skal det stå at administrasjonsspråket er nynorsk. Dette skal også understrekast undervegs i tilsetjingsprosessen. God skriftleg kompetanse i nynorsk er eit viktig tilsetjingskriterium og skal etterspørjast i alle kommunale jobbutlysingar.

Stadnamn

Byggjefelt, vegar og andre lokalitetar skal ha lokale namn og namn som byggjer på den lokale språktradisjonen. Alle slike namn må skrivast rett, og uttalen må vera i samsvar med dialekten. Sjå også lov om stadnamn frå 18. mai 1990 som gjev reglar for fastsetjing av skrivemåten for stadnamn, og heimesida til Øygarden kommune der dei offisielle stadnamna er lista opp.



Samarbeid med næringsdrivande

Kommunen vil arbeida for å få til eit samarbeid med dei næringsdrivande i kommunen om å driva god språkrøkt i lysingar, skilting og anna marknadsføring.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Kommunen er medlem i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interne tiltak som har til formål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd.

slasjen - hølvsjuk
smikka - knott
ei drusa - ei kraftig regnbyge
stupna - snubla

Copyright - Øygarden kommune 2020

Tekst: Vigeik Brekke

Grafisk utforming: Monica Hovland

Illustrasjonar: Kjell Andersland

Foto: Colourbox, Pixabay og Øygarden kommune
Kjelde dialektuttrykk: Pereferifestivalen

Språkbruksplan

Øygarden kommune

FEKK BYGGJELØYVE
I SKJERGARDEN
HIN DAGEN



Språkbruksplanen er vedteken av
kommunestyret 21.11.2019

1. Bakgrunn

Språkbruksplanen for Øygarden vart vedteken i kommunestyret oktober 2019 og hardde verknad for kommunen frå 1. januar 2020. Administrasjonsspråket til Øygarden kommune er nynorsk. Formålet med dette dokumentet er å slå fast nokre rammer for korleis dette skal gjennomførast i praksis.
(Innleiinga er forkorta)

Det allmenne talemålet i Øygarden har i mange generasjonar lege tett opp til nynorsk. Difor er det naturleg at det skriftlege språket er nynorsk. Med den sterke veksten og den store innflyttinga, er Øygarden kommune under eit språkleg press. Av den grunn er det viktig at kommunen har ein medviten språkpolitikk.

Det er ein nær samanheng mellom språk, identitet og kultur. Øygarden kommune har også sitt kulturelle særpreg. Difor legg Øygarden kommune vekt på både å verna om den lokale dialekten og å nytta nynorsk skriftspråk.



ilt i høve - vondt i hovudet
vadlesletta - sludd
kråna te - verta betre
dreia øve - sova litt
han e gjeden - han har gått
han e heisen - det er uver
øvegøven - overraska

2. Språkform

Nynorsk er det offisielle styringsmålet i Øygarden kommune. Alle tilsette og kommunale organ pliktar difor å bruka nynorsk skriftmål i tenesta. Øygarden kommune arbeider for at Kyrkja og kommunale selskap og stiftingar, der Øygarden kommune har eigarskap, nyttar nynorsk som skriftspråk. Språkbruk er eit leiaransvar, og leiarane skal sjå til at alle tilsette følgjer opp språkbruksplanen. Kommunedirektøren skal i årsmeldinga orientera kommunestyret om korleis språkbruksplanen vert følgd opp.

Øygarden kommune krev nynorsk i skriv frå statsorgan og ev. fylkeskommunen til kommunen, i samsvar med lov om språk (språklova).

3. Språkpolitiske mål

Skriftspråket som vert nytta i kommunen, skal vera så godt og variert som mogleg og liggja nær opp til det allmenne talemålet. Kommunen ønskjer eit enkelt, klart og brukarvenleg språk. Dialekten er ein sær sars viktig del av den lokale kulturarven. Å ha eit godt feste i ein dialekt gjev identitet og sjølvkjensle. Kommunen ser det difor som ei sentral oppgåve å verna om dialekten vår gjennom levande bruk og medviten utvikling.

Dialekten/målføret er ein sær sars viktig del av den lokale kulturarven. Å ha eit godt feste i ein dialekt gjev identitet og sjølvkjensle. Kommunen ser det difor som ei sentral oppgåve å verna om dialekten vår gjennom levande bruk og medviten utvikling.

Mykje av grunnlaget for talemålet til barna vert i dag lagt i barnehagane og skulane. Det er difor viktig at vi har språkmedvitne medarbeidarar på desse stadene. Særleg er åra i barnehagen og dei første skuleåra grunnleggjande. Nynorsk og dialekt må nyttast i størst mogleg utstrekning i songar, opplesing, leikar o.a.

Kommunen skal dyrka og sikra det språklege mangfaldet i Noreg. Mangfaldet som har kome til som eit resultat av innvandring og tilflytting, er ein ressurs som skal løftast fram og takast vare på. Her har ikkje minst skulane og barnehagane eit særleg ansvar.

4. Retningslinjer for skriftspråket i administrasjonen

Ordleggingsmåten er kanskje den viktigaste reiskapen for å få eit klart, flytande, lett og godt språk. Særleg viktig er det at vi nyttar aktiv og ikkje passiv setningsbygnad, og at vi har ei ordrekkjefølgje som i vanleg talemål. Vi skal styra unna for mykje substantivbruk. På nynorsk er det betre å bruka verb og adjektiv der det på bokmål er substantiv.

Språket vert lettare tilgjengeleg om vi brukar ei personleg form. Såleis bør vi unngå det upersonlege ein. Bruk eg eller vi i staden.

Vi bør bruka norske ord i staden for framandord, så sant det let seg gjera. Vér varsam med bruk av moteord og faguttrykk. Forklar faguttrykk for å gjera teksten lett forståeleg. Ei ordliste eller ei synonymordbok er gode hjelparar. Lokale ord og uttrykk som er i bruk i kommunen, bør brukast. Bruk ordboka til Universitetet i Bergen og Språkrådet ordbokene.no

Her er nokre døme på aktiv og ikkje passiv setningsbygnad:

Kommunen vil søkja om lån i den lokale banken.... Ikkje: Finansieringa vert forsøkt dekt av lån i den lokale banken.

Ordføraren tok saka opp til avrøysting.... Ikkje: Saka vart teken opp til avrøysting av ordføraren.

Ordrekkjefølgja bør vera mest mogleg som i vanleg talemål. Eigedomsmenene min, din, sin, vår bør til vanleg koma etter substantivet.

Kommunedirektøren er på kontoret sitt... Ikkje: Kommunedirektøren er på sitt kontor
Vi bør også bruka dobbel bunden form.

...det vedtekne budsjettet... Ikkje: Det vedtekne budsjett

...det opphavlege framlegget.... Ikkje: Det opphavlege framlegg.

Unngå for mykje substantivbruk. På nynorsk er det ofte betre å bruka verb og adjektiv der det på bokmål er substantiv. Substantiv som tek til på an- og be- eller sluttar på -heit og -else, bør vi vurdera kritisk. Finn gjerne eit anna ord eller skriv om.

Vi skriv såleis:

- avgjerd - ikkje bestemmelse
- sanning - ikkje sannheit
- motsegn - ikkje innsigelse
- tryggleik - ikkje sikkerheit
- røyndom - ikkje verkelegheit, osv



Kommunen skal i hovudsak nytta ei konsekvent språklinje. Der det finst valfrie former, bør vi velja den forma som ligg nærast talemålet. I kommunen vår skal desse formene nyttast: vi, a-infinitiv og skule. Øygarden kommune har utarbeidd ein språkplakat som er retningsgjevande for språkbruken. I språkplakaten går det også fram korleis vi skal skriva namn på råd, utval, institusjonar og kommunale selskap.




5. Tiltak

Opplæring

Kommunen tek sikte på å gje alle kommunetilsette tilbod om kurs og rettleiing i nynorsk språkbruk. For saksbehandlarar bør slike kurs vera obligatoriske. Tilsette i skulen og barnehagane skal gjerast kjende med dei lokale tilhøva når det gjeld språkformer, dialektar og lokal kultur.

Hjelpemiddel

Dei tilsette skal nytta den elektroniske ordboka til Universitetet i Bergen og Språkrådet ordbokene.no. Dei tilsette må søkja sakkunnig hjelp i språkspørsmål. Dei enkelte fagetatane skal gjera seg kjende med den nynorske terminologien på fagfelta sine. Sjefane har ansvar for å følgja opp dette.



Nynorskmateriell

Kommunen skal syta for at skilt, skjema, tabellar, blankettar, kvitteringshefte og liknande som vert brukte i kommunen, er på nynorsk og i samsvar med dei vedtekne offisielle namneformene. Alt skriftleg tilfang som vert nytta i skulen, i barnehagane og tenestestadene elles, skal vera på nynorsk så langt råd er. Dette gjeld også presentasjonar (Powerpoint) som vert nytta i interne og eksterne møte. Rapportar, planar og anna skriftleg materiale som Øygarden kommune har tinga frå eksterne aktørar, bør i utgangspunktet vera skrivne på nynorsk. Nettsider, sosiale medium og andre digitale plattformar som er knytte til tenestestadene skal ha nynorsk målform.

Alle tilsette skal følgja med på at departement og andre statsorgan - både lokale, regionale og sentrale - tek omsyn til dei språklege rettane kommunen har og følgjer reglane i språklova om bruk av nynorsk. Dersom reglane ikkje vert følgde opp, skal Øygarden kommune påtala dette. Vi skal også vera ein pådrivar for å få meir nynorskmateriell frå KS (fellesorganisasjon for kommunane), private samarbeidspartar og leverandørar. Øygarden kommune skal også arbeida for at digitale læremiddel vert tilgjengeleg på nynorsk. Landssamanslutninga av nynorskkommunar er ein naturleg samarbeidspart i dette arbeidet.

Barnehagar og skular

Mykje av grunnlaget for talemålet til borna blir lagt i barnehagane og skulane. Det er difor viktig at dei tilsette på desse stadene er ekstra medvitne om språkbruken. Skuleadministrasjonen og rektorane skal gjera dei tilsette kjende med det følgjande utdraget frå opplæringslova § 2–5 første til tredje ledd:

Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skulane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruka.

I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva for talemål dei vil bruka. Undervisningspersonalet og skuleleiinga skal likevel i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar. Foreldra vel målform i lærebøkene til elevane til og med 7. årstrinnet. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv. I norsk-opplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet.

Også dei tilsette i barnehagane må ta omsyn til dette. Dei kommunale skulane som ikkje har nynorsk som hovudmål, skal nytta nynorsk som administrasjonsspråk. Det er eit mål for Øygarden kommune å motverka målbyte frå nynorsk til bokmål.



Digitale programvarer

Kommunen skal så langt det let seg gjera sikra at all digital programvare er tilgjengeleg på nynorsk. Der faglege argument gjer at ein må velja ei programvare utan nynorsk brukargrensesnitt, skal kommunen gjera produsenten, og eventuelt relevante interesseorganisasjonar, merksame på ønsket om parallellversjon, slik at alle relevante aktørar kjenner til behovet. Dette gjeld like sterkt der ei programvare ikkje finst på korkje bokmål eller nynorsk, berre engelsk.